



Arkivnr: 2014/16551-2  
Saksbehandlar: Sølve Dag Sondbø

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.05.2015

## Vassforvaltningsplan for Vassregion Vest-Viken - 2. gongs høyring

### Samandrag

Regional plan for vassregion Vest-Viken var på høyring i 2014 (handsama av Fylkesutvalet i møte 19.06.2014 – PS 163/2014). Formålet med planen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar og kystvatn i vassregion Vest-Viken. Planen er den første av 3 slike planar for vassregionen. Planvedtaka blir i 2015, 2021 og 2027 og arbeidet går fram til 2033.

Tiltaksprogrammet for Vest-Viken har få tiltak i Hordaland, og det er ikkje endringar i tiltaka sidan første høyring for areal i Hordaland. 3 vassførekomstar i Hordaland har fått framlegg til konkretisert miljømål.

Vassregionen gjør ei regional prioritering av regulerte vassdrag jfr. nasjonale føringar av 24.1.14. Det er ikkje endringar i Hordalands del av planen for regional prioritering av vassdrag for revisjon av konsesjonsvilkår.

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring forslag til Regional plan for vassregion Vest-Viken på 2. gongs høyring.
2. Høyringsperioden vert minst 8 veker, ca 20. mai 2015 – medio juli 2015. Planen vert sendt på høyring av vassregionmyndigheit for Vest-Viken vassregion (Buskerud fylkeskommune).

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Vedlegg:**

Sidan mange etatar og 8 fylkeskommunar er involvert er ikkje sakspira for høyringa endeleg ferdig når administrasjonen sender dette sakspapiret til fylkesrådmannen. Dei fleste av dei 8 fylkesutvala har delegert til administrasjonen å sende saka på 2. gongs høyring.

Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune har fått informasjon av Vassregionmyndigheit Vest-Viken om kva endringar i planen i 2. gongs høyring for Hordaland sitt areal i planen for Vest-Viken.

Alle dokument for høyringa blir før møtet i fylkesutvalet 19. mai lagt ut på [www.vannportalen.no/vest-viken](http://www.vannportalen.no/vest-viken)

## Fylkesrådmannen, 28.04.2015

### Bakgrunn:

Den regionale planen for vassregion Vest-Viken er ein plan etter vassforskrifta. Delar av kommunane Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Odda ligg i vassregion Vest-Viken og planen handsamast derfor politisk også i Hordaland fylkeskommune før utsending på høyring. Alt Hordaland sitt areal i planen for vassregion Vest-Viken er på Hardangervidda aust for vassskillet. Mye av dette arealet har få påverknader og god vasskvalitet.

Politisk styringsgruppe for vassregion Vest-Viken vedtok på møte 11. februar 2015 å tilrå at planen vert sendt ut på 2. gongs høyring. Dei viktigaste tema som styringsgruppa i Vest- Viken vil ha på 2. gongs høyring er:

- Presisering av miljømåla for alle vassførekomst
- Regional prioritering av regulerte vassdrag som skal opp til revisjon før 2022
- Kost/nyttevurdering av tiltaka

Buskerud fylkeskommune er vassregionmyndigheit og ansvarleg for planprosessen for vassregion Vest-Viken. Andre fylkeskommunar med areal i planen er Oppland, Vestfold, Telemark, Akershus, Aust-Agder, Hordaland og Sogn og Fjordane. Planarbeidet vert gjennomført etter fastsatt planprogram av 4. november 2011. Kvar fylkeskommune er planmyndigheit for areal i eget fylke.

### Endringar i planen frå første høyring:

Endringar ved 2. gongs høyring for areal i Hordaland er at 3 vassførekomst i Hordaland har fått framlegg til konkretisert miljømål. Dette gjelder 3 vassførekomst i regulerte vassdrag som er sterkt modifiserte (SMVF).

Vassførest ID	Vassførest namn	Påverknad	Økologisk tilstand eller potensial	Økologisk miljømål 2021	Kommentar økologisk miljømål 2021	Konkret miljømål 2021	Vassområde
012-555-L	Finsevatnet	Avlaup frå hytter, vassføringsregulering	Moderat økologisk potensial	Godt økologisk potensial	GØP - dagens tilstand		Hallingdal
015-415-L	Halnefjorden	Avrenning og utslepp frå transport/ infrastruktur, Avlaup frå spreit busetnad, Vassføringsregulering, Ørekyt	Moderat økologisk potensial	Moderat økologisk potensial	Dagens tilstand er fungerande akvatisk økosystem	Styrke fiskebestand	Numedalslågen

016-62-L	Ståvatn/Ulevåvatn	Vasskraftsdam, Ørekyt	Moderat økologisk potensial	Godt økologisk potensial	Sjølvreproduserande bestand av aure, som også er haustbar. Levedyktig bestand av andre artar (skjoldkreps)	Tokke-Vinje
----------	-------------------	-----------------------	-----------------------------	--------------------------	--	-------------

I Hordaland er det i planen for Vest-Viken ikkje definert elvevassførekomstar som SMVF.

Det er ikkje gjort endringar i forslag til tiltak for Hordaland sitt areal i planen. Det er heller ikkje endringar i Hordalands del av planen for regional prioritering av vassdrag for revisjon av konsesjonsvilkår.

#### **Fylkesrådmannens vurdering:**

Planarbeidet er gjennomført i samsvar med og etter tidsplanen i planprogrammet og byggjer på eit godt kunnskapsgrunnlag. Planen er i samsvar med krava i vassforskrifta og plan- og bygningslova for utarbeiding av regional plan for vassregionen.

Fylkesrådmannen tilrår forslaget til 2. gongs høyring av Regional plan vassregion Vest-Viken og tilhøyrande dokument vert lagt ut på offentleg ettersyn med høyringsperiode ca 20. mai 2014 til medio juli 2014. Buskerud fylkeskommune vil som vassregionmyndigheit stå for høyringa av planen for Vest-Viken.